

Møtereferat

Utval: Fitjar sokneråd (Valstyret)
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 14.09.2023
Tid: Kl. 16.00 - 18.30
Ord for dagen: (Wenche) Olav

Forfall må meldast til kyrkjeverje: jaov@fitjar.kommune.no eller 90 19 70 69.

Karin Maria Korsvik møter som vara. Andre varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

Innkallinga er sendt til:

| | |
|-------------------------|-----------------------|
| Svein Lunde | Leiar X |
| Anne Marie Røed | Nestleiar X |
| Sigrid Marie Fangel | Skrivar |
| Tom Rydland | medlem X |
| Wenche Andersen Helland | Medlem |
| Herman Inge Aadland | medlem X |
| Håkon Rydland Sæbø | Medlem X |
| Aase Rygg H. Nøttveit | Medlem X |
| Olav J. Oma | Sokneprest/skrivar X |
| Sigurd Andre Maraas | kommunal representant |
| Jostein Skram | 1. vara |
| Karin Maria Korsvik | 2. vara X |
| Magnor Tverderøy | 3. vara |
| Hilda Gloppen | 4. vara |
| Jan Ottar Wiik | 5. vara |
| Svein Arne Theodorsen | vara for sokneprest |
| Jan Overweg | Kyrkjeverje X |

Fitjar, 14.09.2023

Skrivar
Olav J. Oma

Sakliste:

| SAK | ARKIVKODE | TITTEL | KOMM REPR |
|---------|-----------|--|-----------|
| 2023/66 | 012.1 | Godkjenning av innkalling og sakliste | |
| 2023/67 | 012.1 | Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 30.08.2023 | |
| 2023/68 | | Orientering om arbeidet i soknet | |
| 2023/69 | | Kyrkjevalet – stadfesting av valresultat | |
| 2023/70 | | Budsjett 2024 | |
| 2023/71 | | Diakon / diakonimedarbeidarstilling - utlysing | |
| 2023/72 | | Søknad om framtidig oppsetjing av minneplate i minnelund | |
| 2023/73 | | Meldingar / open post | |

Frivilligfest
Bakken barnehage
Sponsing av leir

Sak 2023/66 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og saklister er godkjent.

Sak 2023/67 012.1 Referat frå sist møte

Vedtak:

Soknerådet stadfester referat frå møtet den 30.08.2023.

Sak 2023/68 Orientering om arbeidet i soknet

Kyrkjeverje og sokneprest legg fram ei kort orientering om arbeidet.

- Oppstart konfirmantar, fint og kjekt
- To familiegudstenester, Søndagsskulensdag og open dag i Årskog, viktig samarbeid
- Sjukeheimane andaktane i gang
- Tentreff og Krik har start. Mange ungdommar deltek (fleire enn før?)
- Kyrkjekoret starta igjen 14 songarar, og plass til fleire.
- Kyrkjeval gjennomført

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2023/69 Kyrkjevalet – stadfesting av valresultatet og eventuell registrering av klager

Protokollen frå valstyret skal no vera avslutta. Denne protokollen skal inn i møteboka til soknerådet. Soknerådet evaluerer gjennomføringa av valet.

Valet var godt annonsert. Valavis, kyrkjeblad, gudstenester, Facebook og heimeside. Det var rom for elektronisk røysting, og det var opna for førehandsrøysting mange dagar frå 10. august til 6. september.

Likevel var oppslutninga om valet lågare enn for fire år sidan. Dette var ein trend som gjekk over heile landet. Vi hadde drygt 17%, mens i landet var det 9%.

Førehandsrøysting: Fysisk kom det inn 15 stemmer, elektronisk 121.

På valdagen, i klasserom i FKIB, frå 09.00-21.00 var det 12 valfunksjonærar med i vallokalet i løpet av dagen. Her var det 225 menneske som avla stemme. 55 av desse var ikkje endra på, mens 170 var forandra. Berre 7 av dei som røysta var 18 år eller yngre. Korleis nå lenger ut?

Mange trudde nok at dei øvst på lista vår var kumulert. Det førte til relativt store endringar av oppsett liste. Dette er ein del av demokratiet, men samstundes meiner vi at vi som institusjon(DNK) må kunne ha ei viss innverknad på valresultatet. Slik det er nå er det fare for at folk vil vegra seg for å stå øvst på lista.

Soknerådet vil dela erfaringa vår med bispedømeråd og kyrkjerådet.

Teljekorps og valstyret var til stades ved oppteljinga som gjekk føre seg på kyrkjekontoret frå 21.15 til 00.45 etter valet 11.09.23.

Vedtak:

Soknerådet stadfester valresultatet og legg protokollen ved møteboka.

Sak 2023/70 Budsjett 2024

Kyrkjeverja har no utarbeida framlegg til budsjett for 2024. Når soknerådet har gjort vedtak om budsjettframlegget vert dette sendt til kommunen saman med søknad/budsjettbrev.

Kommunedirektøren lagar framlegg til budsjett for Fitjar kommune 2024 som skal leggast fram for endeleg politisk behandling i desember. I kommunedirektøren sitt budsjettframlegg skal det liggja inne tilskot til kyrkja, men kommunestyret kan gjera endring i løyvinga under den politiske handsaminga.

Når kommunestyret har vedteke det endelege budsjettet for 2024, må soknerådet over nyttår vedta detaljbudsjett på grunnlag av tilskotet som kommunestyret har løyvd.

I kyrkja er det løn til medarbeidarane som utgjer storparten av budsjettet. Tabellen nedanfor viser kva stillingar som var bemanna i kyrkjestaben for 2021 og 2022, og kva stillingar me har i 2023.

Budsjettet vårt vert og påverka av utfallet av kommunevalet, og i det følgjande er det lagt til grunn at Jan held fram i kyrkjeverjestillinga for Harald Rydland. Blir det endringar her blir det og endring i budsjettet.

| Stilling | 2024 | 2023 | 2022 | 2021 | Merknad |
|------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|--|
| Kyrkjeverje | 0,35 | 0,35 | 0,35 | 0,35 | |
| Kantor | 0,65 | 0,65 | 0,65 | 0,65 | |
| Kyrkjelydspedagog | 0,90 | 0,80 | 0,80 | 0,80 | Auka med 0,1 årsverk – finansiert v/ innsamla midlar |
| Kyrkjegardsarbeidar | 0,50 | 0,50 | 0,50 | 0,50 | |
| Vaktmeister/reinhaldar | 0,30 | 0,30 | 0,30 | 0,30 | |

| | | | | | |
|--|-------------|-------------|-------------|-------------|--|
| Kontormedarbeidar og administrativ ressurs for prestetenesta | 0,40 | 0,40 | 0,40 | 0,40 | Det har vore vikar i heile permisjonstida til kontormedarbeidaren 2021/22 |
| Soknediakon | 0,20 | | | | Ny oppretta stilling for 2 år – finansiert av soknerådet med innsamla midler (kyrkjelydsprestfondet / gjevarteneste) |
| Sum | 3,30 | 3,00 | 3,00 | 3,00 | |
| Klokkar på gudstenestene | (0,20) | (0,20) | (0,20) | (0,20) | Frivillig arbeid |
| Kyrkjetenar på sundagar | (0,20) | (0,20) | (0,20) | (0,20) | Frivillig arbeid |

Nedanfor er det kommentarar til ein del postar som rådet bør merka seg:

1. Møtegodtgjersle for soknerådet er budsjettert med **kr. 40.000** og uforandra.
2. Budsjettet er justert med Kommunal deflator som er sett til 4,5 % og 4,8% lønsvekst.
3. Pensjonskostnader er budsjetterte i tråd med prognose frå KLP.
4. Satsane for gravfeste og andre inntekter på gravplassen vart auka i 2022. Me legg ikkje opp til endringar i 2024.

| Teneste | Sats kr. |
|--|----------|
| Feste av 1 grav i 1 år | 250 |
| Feste av 1 grav i 10 år | 2500 |
| Feste - Reservering av grav | 4000 |
| Gravlegging av utanbygds buande | 8000 |
| Seremoni utanbygdes person | 4000 |
| Seremoni ikkje medlem | 4000 |
| Gravlegging utanbygds, urne | 4000 |
| Reservering av grav | 4000 |
| Gravstell på Fitjar kyrkjegard | 1300 |
| Mosekrans på grav | 400 |
| Vårplanting på grav | 500 |
| Sommarplanting på grav | 400 |
| Konfirmant eigenbetaling vårsemester | 1000 |
| Konfirmant eigenbetaling haustsemester | 1000 |
| Annonse i Fitjar kyrkjeblad | 1500 |

5. Tilskotet til trusopplæring, som me får overført frå bispedømet, er på om lag 340.000,-. Dette skal dekkja både løn og andre utgifter ved trusopplæringa. For å få fullfinansiert trusopplæringa er det lagt opp til at kr. 200.000 av det kommunale tilskotet til klokkar og kyrkjetenar vert overført til trusopplæring. Vidare er det lagt inn ei forventning om kr. 57.000,- i gåver til dette arbeidet. Dei siste 10% av kyrkjelydspedagogstillinga vert dekkja av kyrkjelydsprestfondet (jfr vedtak i soknerådet – sak 2023/42 om bruk av kyrkjelydsprestfondet).

Fleire detaljar om driftsbudsjettet, investeringsbudsjett og budsjettbrev vil verta gjennomgått på møte.

Møtegodtgjersle som kommunal sats?

4,5% auke i drift, 4,8% auke i løn

Overføring frå kommune 2,6 i 2023 mot 2,9 i 2024

Bør me vere eigar i Fitjar Kraftlag? Fastpris med Fjordkraft er 50/50 låst og ein må kjøpe seg ut.

Diakoni har pengar i balanse og er i tillegg flinke til å samle inn pengar

Vedtak:

Kyrkjeverje sender budsjettframlegget vidare til kommunen 22/9, med dei presiseringane som kom fram i møte. Soknerådet får uttale seg om budsjettbrevet som vert sendt ut i neste veke.

Sak 2023/71 Diakon / diakonimedarbeidarstilling - utlysing

Etter søknadsfrist 1. september var det ingen søknader til stillinga. Heller ikkje i perioden med forlenga søknadsfrist har det vore søkjarar eller interesserte til stillinga. Soknerådet bør drøfta vegen vidare i prosessen med å få tilsett diakon/diakonimedarbeidar.

Me skal drøfte dette med kommune, bispekontor, vidaregåande, andre kyrkjelydar sjå om det er råd til å lysa ut ei større stilling

Vedtak:

Me lyser ikkje ut på nytt før me har drøfta dette slik som det står over.

Sak 2023/72 Søknad om framtidig oppsetjing av minneplate i minnelund

Soknerådet har mottatt søknad om oppsetjing av minneplate i minnelund når den er teke i bruk. Søknaden er lagt ved innkallinga. Minnelund i Fitjar er under planlegging. Gjennomføring kan først skje når detaljert søknad er godkjent hos statsforvaltaren i Telemark. Oppsetjing av minneplate vert da regulert av Gravplasslova, gravplassforskrifta og dei lokale gravplassvedtektene. Når minnelund på Fitjar er ferdig, skal gravplassvedtektene også endrast og inkludera regler for minnelund. Gravplasslova og gravplassforskrifta vil vera overordna. Angåande søknaden som her er til handsaming er det ikkje grunnlag for å gjera eit vedtak med utgangspunkt i gjeldande gravplassvedtekter. Gravplassforskrifta §21 opnar i andre avsnitt for symbolsk flytting til eksisterande minneplate. Dette kan vera ei framtidig løysing for søkjaren, som det no er heimel for å gjera vedtak om. Gravplasslova, gravplassforskrifta og rundskriv frå Statsforvaltaren er vedlagt innkallinga.

Vedtak:

Gravplassforskrifta §21 opnar i andre avsnitt for symbolsk flytting til eksisterande minneplate. Det er ei framtidig løysing for søkjaren, når attlevande ektefelle fell frå. Om ny urne da vert sett ned i minnelunden kan minneplate med begge namn setjast opp.

(Sette urne i grav. Det må vere ei minneplate (inkl urne) på urnelund før ein kan flytte navn på tidlegare avdød ektefelle inn på minnelunden)

Sak 2022/63 Meldingar / open post

Spørsmål om sponning av leir for dei som ikkje sjølv har råd til å reisa på leir på Solgry. Vi går gjennom flyktningekonsulenten?

Bakken Barnehage går så det susar. Serina gjer ein flott jobb som styrar. Mange små born.

Opprusting av uteområde blir gjort med tanke på dette.

Endringar i styret Andreas Siglen går ut. Det sittande styret meiner det ikkje er naudsynt å finne erstattar no.

Sonja Pedersen er ny tilsettrepresentant etter Arnhild Raunholm.

Frivilligfest. Forslag om å ha denne før jul. Ha denne saman med frivilligsentralen. Frivilligsentralen ville høyre med si leing om vi kan vera med dei, 5. desember. Vi arbeider vidare med denne planen.
